

Lindås bibliotek og Meland bibliotek
Kvernhusaugane 2
5914 ISDALSTØ

Tildeling av utviklingsmidlar – praksisfelleskap

Vi syner til søknad datert 01.10.2014 om stønad til prosjektet *Praksisfelleskap*. Søknaden er behandla av Nasjonalbiblioteket (NB) i samråd med Rådgjevande utval for prosjekt- og utviklingsmiddel, og NB har vedtatt å støtte dykkar prosjekt med kr. 450 000kr i 2015.

Utbetaling av tilskott

Tilskottet vil bli overført etter 1.juni, om vedlagte akseptskjemaet er mottatt og vilkåra nedanfor er aksepterte. Frist for slik tilbakemelding er 01.03.2015.

Vi ber om å få tilsend revidert prosjektplan dersom tilskottets storleik medfører behov for vesentlege justeringar i prosjektet.

Kunnskapsoverføring

Ved presentasjonar og i rapportar skal det informerast om at prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Prosjektrapportar kan bli publiserte på NB sine nettsider og bli brukt i anna publisering frå Nasjonalbiblioteket. Prosjekteiar kan bli beden om å lage ein artikkel/rapport som kan gå inn i Nasjonalbiblioteket sin skriftserie *Bibliotheca Nova*.

Det er ein føresetnad at deltakarane i prosjektet ved seinare tilhøve vil stille opp på kurs, seminar o.l. for å formidle erfaringar frå prosjektet. Standardar og kunnskap som kjem ut av prosjektet skal stillast til disposisjon for andre institusjonar.

Vi ønskjer lykke til med prosjektet!

Med venleg helsing

Aslæk Sira Myhre
Direktør Nasjonalbiblioteket



Svein Arne Tinneland
Stabsdirektør

Vedlegg:
Generelle vilkår
Akseptskjema

Generelle vilkår til løyvinga

Prosjektet skal gjennomførast i tråd med framstillinga og framdriftsplanen i søknaden. I samsvar med § 10.2 i Stortinget sitt reglement for løyvingar skal Nasjonalbiblioteket ha høve til å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden.

Nasjonalbiblioteket vil leggje vekt på oppfølging og rapportering ved vurdering av kommande søknader.

Rapportering

Tilskottsmottakar skal sende statusrapport til Nasjonalbiblioteket innan 1. oktober 2015. Rapporten skal sendast elektronisk ved hjelp av Nasjonalbiblioteket sitt skjema for statusrapportering, sjå: nb.digiforms.no/prosjektmidler.

Statusrapporten skal innehalde søknadsbeløp for neste prosjektår, og godkjend statusrapport vil utløse nytt tilskot av prosjektmidlar.

Tilskottsmottakarar skal snarast råd, og seinast tre månader etter at prosjektet er avslutta, sende rapport til Nasjonalbiblioteket om at prosjektet er gjennomført.


Rekneskap

For tilskot over kr. 200 000 skal det saman med rapporten sendast inn rekneskap for disponeringa av tilskotet. Rekneskapet skal vere underteikna av tilskottsmottakar og vere revidert av statsautorisert eller registrert revisor. Unntatt frå dette kravet er institusjonar/organisasjonar som brukar kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan. Det presiserast at også sistnemnde institusjonar/organisasjonar skal sende inn rekneskap underteikna av verksemdsleiinga.

For tilskot under kr. 200 000 skal det saman med rapporten sendast inn rekneskapsoversikt for disponeringa av tilskotet, underteikna av tilskottsmottakar. Det blir ikkje kravd at denne rekneskapsoversikta er stadfesta av revisor.

Blir tilskotet eller delar av tilskotet ikkje nytta til det gitte formålet, kan dei overskytande midlane bli kravd tilbakebetalt. Tilskottsmottakar plikter å gjere Nasjonalbiblioteket merksam på slike tilhøve så snart som mogleg og seinast innan 1. oktober 2014.

Dersom det i ettertid syner seg at tilskotet ikkje er blitt brukt til det gitte formålet, kan heile eller delar av tilskotet bli kravd betalt tilbake. Dersom tilskottsmottakar har motteke tilskot på bakgrunn av urette opplysningar, kan dette i særlege tilfelle bli ramma av bestemningar i straffelova si §§ 270-271.



Nasjonalbiblioteket

Adresse: Nasjonalbiblioteket, Mrk: 1420sati
Postboks 2674 Solli
0203 Oslo

Tlf. 810 0300 - sentralbord NB
Faks: +47 75 12 12 22 - NB Rana
Faks: +47 23 27 60 10 - NB Oslo
E-post: nb@nb.no

Støtte til utviklingsprosjekter Aksept av vilkår og utbetalingsinformasjon

Saksref. 2012/381

Bestillerref. 1420sati

Prosjekttype Prosjekt- og utviklingsmidler

Prosjekttittel Praksisfelleskap

Beløp 450 000,00

Kontering	Konto	Koststed	Satsning	Formål

Fylles ut av betalingsmottaker

Navn Lindes bibliotek / ved Marit Gro Berge

Adresse Kvernhusveien 2
5914 ISDALSTU

Bankkonto 15032254567

Utbet. merkes 201/3700 / K 126

Dato 23/2-15

Underskrift

Dette skjemaet er grunnlag for utbetalingsanvisning. Det påligger mottaker å kvalitetssikre alle opplysninger. Skjemaet skal undertegnes av person med nødvendig fullmakt og deretter sendes til oppgitt postadresse.